

Blom Fiskeoppdrett AS  
Ulvøyvegen 130  
5337 RONG

---

Dato	15.03.2022
Vår referanse	2022/49-7
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Endre Korsøen
E-post	Endre.Korsoen@vlfk.no
Telefon	91764632

## **Blom Fiskeoppdrett AS - Avslag på søknad om etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Skjelanger i Alver kommune**

Vi syner til søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS motteke 03.12.2021, kor det vert søkt om løyve til etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Skjelanger i Alver kommune.

### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune gjev med dette avslag på søknad om løyve til etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Skjelanger i Alver kommune.

### **Lovheimel**

Vedtaket er fatta med heimel i lov av 17.juni 2005 om akvakultur, forskrift av 22.desember 2004 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta) § 30, Generelle vilkår for klarering av lokalitet, bokstav c punkt 3 kor det heiter:


«Lokalitet for akvakultur kan klareres dersom;  
c) det er gitt tillatelser som kreves etter  
3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann»

### **BAKGRUNN OG SAKSGANG**

#### Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS søkte 03.12.2021 om løyve til etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Skjelanger i Alver kommune. Søknaden gjeld etablering av ny lokalitet med maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3900 tonn.

Det vert søkt om å få klarert areal for utlegging av ei rammefortøyning som er 500 meter lang og 200 meter brei. Samla overflateareal for merdsanlegget vil vera 100 dekar. Anlegget vil bestå av 10 merdar kvar med ein flytekrage som er 160 meter i omkrets. Det er søkt plassert ein forflåte i søraustre delen av anlegget. Kartet under syner omsøkt plassering av installasjonane og arealplanen.



I kommuneplanen ligg omsøkt areal for plassering av merdanlegg, førflåte og delar av fortøyingane i område avsett til kombinert føremål med akvakultur FEFIAKFR\_1. Fortøyinga vil delvis gå inn i areal avsett til området for bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur.

#### Offentleg ettersyn og kommunal og sektorstyresmaktene si handsaming

Vestland fylkeskommune har teke søknaden til handsaming, og send den på høyring til kommune og sektorstyresmaktene 09.12.2021.

Kystverket har handsama søknaden 14.03.2022. Med heimel i hamne- og farvannslova § 14 tredje ledd bokstav a gir Kystverket avslag på søknad om etablering av akvakulturanlegg ved Skjelanger i Alver kommune.

I grunngjevinga for avslaget konkluderer Kystverket med at det omsøkte akvakulturanlegget vil vere i direkte konflikt med aktiviteten frå oljeinstallasjonar som til tider går føre seg på Mangersfjorden. Akvakulturanlegget ville også vera avgrensande for eventuelle andre slep som har behov for shelter og å avvente værvindu før vidare seilas.

Mangersfjorden er eit viktig område å ivareta for å kunne drive testaktivitet for oljeplattformer. Mangersfjorden er også sikkerheitsmessig viktig for større slep som må avvendte utseglings til havs på grunn av därleg vær. For å kunne ivareta Mangersfjorden til nemnde aktivitetar må Kystverket avslå søknaden om etablering av nytt akvakulturanlegg.

#### **GRUNNGJEVING FOR AVSLAGET**

Kystverket har gjeve avslag på søknaden etter Hamne- og farvasslova. Etter akvakulturlova sin § 6 bokstav d) er det eit krav at Kystverket har gjev løyve etter lov om hamne og farvatn, før løyve etter akvakulturlova kan gjevest. Dette kravet er vidareført i *Forskrift om tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret* § 30, bokstav c, punkt 3.

For å klarere ein lokalitet er det eit tvingande vilkår at det er gjeve naudsynte løyve etter laksetildelingsforskrifta § 30 bokstav c. Dersom det ikkje er gjeve løyve etter ei av sektorlovene kan ikkje lokaliteten klarerast etter akvakulturregelverket. Avslag dagsett 14.03.2022 er vedlagt.

Etter handsaming i Kystverket vil etablering av lokalitet ved Skjelanger som omsøkt vera i strid med laksetildelingsforskrifta, og kan difor ikkje klarerast.

Vestland fylkeskommune kan ikkje sjå at det vil vera hensiktsmessig å halde fram sakshandsaminga i andre forvaltningsorgan då dette uansett ikkje vil få betydning for utfallet av saka. Vidare handsaming av søknaden i andre forvaltningsorgan vil ikkje føre fram til anna resultat. Vestland fylkeskommune avslår difor søknaden på dette grunnlag.

#### **Klage**

Vedtaket kan klagast på. I medhald av forvaltningslova § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ein klage ikkje fører til at ei iverksetting av vedtaket vert utsett. Det er likevel mogleg å söke om at iverksetting vert utsett til klagesaka er avgjort.

Partar eller andre med rettsleg interesse i saka kan klage på vedtaket. Fiskeridirektoratet er klageinstans. Klagen skal stila til Vestland fylkeskommune. Klagefristen er tre veker frå underretning om vedtaket. Partar og andre med rettsleg klageinteresse i saka har rett til å sjå dokumenta i saka i tråd med fvl. § 18 jf. § 19.

Med helsing

**Bård Sandal**  
avdelingsdirektør  
Innovasjon og næringsutvikling (INN)

**Endre Høgalmen**  
seksjonssjef  
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

**Vedlegg:**  
Avslag frå Kystverket 14.03.2022  
Klageskjema

**Kopi:**  
Statsforvaltaren i Vestland  
Mattilsynet region Sør og Vest  
Kystverket  
Fiskeridirektoratet Region Vest  
Alver kommune  
Hordaland Grunneigar- og Sjølaksefiskarlag  
Holsnøy Kystlag  
Naturvernforbundet Nordhordland  
Bernt Karstein Skjelanger  
Einar Olai Husebø  
Arne Rene Bratland  
Kjell Johannesen Borlaug  
Lingalaks AS  
Gunnar Magne Husebø  
Olaug Skjellanger Bratshaug  
Fagrådet for Daleelva  
Beate Turøy Buxton  
Norges Miljøvernforbund  
Jan Ansgar Husebø  
Bratshaug Hyttefelt  
Kårbøneset Hyttegrend  
Petter Ole Jakobsen  
Nei til fiskeoppdrett i Mangersfjorden  
Janne Iren Skjellanger  
Dale Jakt og Fiskarlag  
Norce Norwegian Research Centre AS  
Morten Andreas Bratshaug

<p><b>(1) Sender (stemplet til forvaltningsorganet)</b>  <b>Vestland fylkeskommune</b>  <b>PB 7900</b>  <b>5020 BERGEN</b></p>	<p><b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b>  (Forvaltningslova § 27 tredje ledet)  <b>15.03.2022</b></p>
<p><b>(3) Mottakar (namn og adresse)</b>  Blom Fiskeoppdrett AS</p>	<p><b>(4) Klageinstans</b>  Fiskeridirektoratet</p>
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p>	
<p><b>Klagerett</b></p>	<p>De har rett til å klage på vedtaket.</p>
<p><b>Kven kan De klage til?</b></p>	<p>Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p>
<p><b>Klagefrist</b></p>	<p>Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgi datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p>
<p><b>Rett til å krevjegrunngjeving</b></p>	<p>Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.</p>
<p><b>Innhaldet i klaga</b></p>	<p>De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva for eit vedtak De klagar på</li> <li>- årsaka til at De klagar</li> <li>- den eller dei endringar De ønskjer</li> <li>- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga</li> </ul> <p>Klaga må underskrivast.</p>
<p><b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b></p>	<p>Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.</p>
<p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b></p>	<p>Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p>
<p><b>Kostnadene med klagesaka</b></p>	<p>De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p>
<p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b></p>	<p>Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltinga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltinga (Sivilombodsmannen).</p>

Sivilombodsmannen kan ikke sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltnigna har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve